



**Skøyte
Gruppen**

Gol IL Skøytegruppa

v/ leiar Per - Helge Myklebust, Lauvlia, tlf 32075773/ 95980325
e- mail: p-h-m@online.no

Gol IL - Skøytegruppa REFERAT FRÅ MØTE 29.11.07 MØTE 07/07

Møte: Styre Stad: Klubbhuset Glitre Stadion
Tid: torsdag 29.11. 2007 20.30 – 23.30 (Møtestart vart utsett p.g.a. skøyteskule)

Til stades: Per- Helge Myklebust, Gisle Eide, Anne Kari Smaaberg, Reidun Østro,
Ola Halvard Jorde, Britt Karin Eidsberget.

Meldt forfall: Gunn Kristin Magnetun Brennhovd, Truls Magnussen (AU)
Fråverande: Alf Roger Pettersen,

Utskrift til (e- mail): styret/ varamedlemer, Gol IL, AU v/ Truls Magnussen

Dagsorden:
Innkalling og saksliste vart godkjent. Anne Kari føreslo å ta sakene i anna rekkefylgje.

<u>SAK</u>	<u>TEMA</u>	<u>ANSVAR</u>	<u>FRIST</u>
------------	-------------	---------------	--------------

REFERAT- SAKER.

Referatsaker vart godkjende med slike merknader.			
<u>Region Furumo:</u> Her må leggjast fram sak om tilskot med		phm	
<u>Ungdomsrepresentant:</u> Gisle orienterte. Han har kontakt med ungdomane om saka.		Gisle	
omsyn til budsjett.			
AU- sak om NM og anleggsseminar må avklare kva AU meiner		phm	

MELDINGSSAKER:

Meldingssaker vart godkjente med slike merknader:			
Glitre- „Gamal reserve“. Saka må fylgjast opp		Gisle/ phm	

Salg Idrettslagsrabatten 26.11. Resultat skøytegruppa kr 4175.

D/t- kurs: Saka må fylgjast opp		alle	
--	--	------	--

NSF- langløpsmerke: kfr. E- mail frå NSF . Tema drøftast på neste møte		phm	
---	--	-----	--

UTSETTE/ FRAMHALD AV ELDRE SAKER:

39-07 NORGES- CUP nr 8 den 2.-3. februar, Hallingdalskarusellen

TD/ OD/ S, og ass. Rette henv. til NSF om vi kan nytte Ola H som ass.
Framlegg til funksjonærliste Køyre drill på klubblop.

Eit Hallingdal supporterterteam? Ny kontakt med Harald Sundsøy

Stemneinnbydinga sendt og utlagt på NSF's nettside, men utan referansar til
våre samarbeidande reiselivsbedrifter + Gol IL klubbhuset
Gisle/ Kjartan H ordnar dette på "våre" nettsider

Gisle/ DL

Forhandle avtale med Pers og Eidsgaard
Eit ekstra møte før jul

Per- Helge
Per- Helge

46-07 LEIAR 1- KURS Nsf's KLUBBHANDBOKA

Saka utsett. Saka må ytterlegare utsettast av prioriteringsmessige årsaker.

47-07 VAKTLISTE

Lista gjennomgått og endringar drøfta. Ny liste vert laga for heile vinter-
Sesongen. Leggjast på nettet,
på oppslagstavle, og sendt aktuelle personar.

Gisle
Anne Kari

52-07 ANLEGG – Garasje/ Lager/ Speakerbu, kfr. sak 30-07

Brev frå Gol Kommune 6.11. og 7.11. Oppslag Hallingdølen 8.11. AU- vedtak
sak 44/07, tilråding til vedtak i UNN med framlegg til vedtak i kommuneplan-
utvalet den 29.11.

Ola Halvard og Per- Helge orienterte kort om status og hendingar/ drøftingar i
prosessen. Forventa positivt kommunalt vedtak og byggjeløyve i veke 49.

Prosjektleiari har ikkje hatt tid til å prioritere ajourføring av kostnadsramme og Ola Halvard
budsjett. Dette må prioriterast.

Alle rekningar må spesifiserast og vise innvilga rabatt/ gåver.

Ola Halvard

Per- Helge har bedt dagleg leiari avklare muleghetene for refusjon av mva for
heile eller deler av bygget.

Trass i vanskar under vegs og utsettingar, meinte prosjektleiari (OHJ) at det er
mogleg å få reist bygget til NC-8.

Per- Helge meiner Gol IL må gå grundig i gjennom dispensasjonssaka sett i høve
til både kommuneplanføresegn, og grunnavtale mellom kommunen og idrettslaget.
Trass i positivt vedtak ser saka ut til å vere bygt på faktagrunnlag og vurderingar
som er ufullstendig og delvis uklar. Vedtaket synest prega av formelle feil. Kan
hende er deler av vedtaket i strid med skriftleg avtale mellom kommunen og
idrettslaget. Det er viktig at idrettslaget sine synspunkt er tydeleg og skriftleg
der det evt. er divergerande syn mellom kommunen og idrettslaget.
Mottoet må vere at idrettslaget må forvalte sine grunneigedomar og bygningar
slik det trengs av omsyn til ei og framtidssretta god ressursforvaltning.

phm

Saka bør leggjast fram for hovestyret innan 20. desember.
Per- Helge vil fylgje opp saka over for idrettslaget som hovestyremedlem.

NYE SAKER:

53-07 TERMINLISTE KLUBBLØP, KRETSLØP OG KRETSMESTERSKAP

Klubbløp startar 13.12. Start kiosk den 29.11.

Vi oppgraderer aktivitetsliste og mannskapsoppsett.

Lister til oppslag + nettsida.

Merking av bane

Hallingdalsmesterskap 2007, Glitre 13/12 ? Sjekke med Hol

KM I Hol 29.12.07

Bedriftsstafetten 11.2.08

HM 07/08: Hol 27.02.08 ? Sjekke med Hol

Gisle
Ola Halvard
phm

phm

54-07 ØKONOMI, ref. sak 40-07

Styret tek orienteringa i innkallinga til etterretning med slike merknader:

Kasserar fylgjer opp overføringane frå Gol IL, ref sak 06/07 og sist AU- møte

Anne Kari la fram resultat over kiosk inn/ ut på Hallingdalskarusellen for 2006 og kiosk/ grill 2007. Resultat: Nedgang i inntekt, sterk auke i utgifter (skuldast grill) gav betydeleg redusert netto. Grilling (kan vere sosialt og veravhengig) men krev:

- gode innkjøpsrutinar

Vedtak: Grilling og innkjøp skal organiserast av kiosk- gruppa i samråd med kasserar.

Vedtak: Styret gjev fullmakt til kasserar og leiar til å avslutte oppgjer ”innkjøp grill” og ”diverse skøyteutstyr”

aks/phm

Styret ber leiar sende søknad til NSF om KKD- midlar.

phm

Prosjekt ”utstyr”. Vi treng **litt** bistand frå Gol II v/ dagleg leiar. Vi treng meir utstyr som også kvalifiserer for NIF- tilskot. Men vi må konstatere at løpet gjekk ut den 28.11. phm

Utleige skøyteutstyr hittil i vinter: ca 35 par. Etterspurnaden er stor.

Vedtak: Styret kjøper inn diverse skøyter, m.a. str 34-37, og 41-43

Ola Halvard

55-07 SKØYTESKULEN, framhald sak 45-07

Oppstartdato: 29.11.

Vi drøftar organisering/ bemanning og set opp vaktliste.

Utstyr: Vi treng supplere kjepler/ stenger og diverse.

Obs: NIF's reglar for tilskot til utstyr!

Gisle/AKS

Vaktlister (Kiosk/ bane m.m.): nettside, oppslag, liste til familiar

Skøyteskuleavgifta blei teka opp att til ny drøfting:

Vedtak: Treningsavgift/ skøyteskuleavgift kr 150 for 1. og 2. familiemedlem, kr 400 for 3 eller fleire.

INFO- arket (grønt hefte): Gjennomgått, nokre endringar/ rettingar

phm

56-07 JULEAVSLUTNING

Dato: 13. des.

Aktuelle personar: Kari Eide, Gunn K M Brennovd, Joar Toppen

Gunn K

57-07 BYGGJESAK GLITRE- KRANSESKÅL?

Vedtak: Skøytegruppa vil markere bygget med kranseskålfest og innviingsfest. phm

58-07 AKSJONEN "ViskalfylleVikingskipet", WC 25.-27. januar.

Styret følger opp med registrering av interesse og evt. samarbeid med Hol IL
Målsettinga er "ViskalfylleVikingskipet" phm

59-07 GOLINGEN

Framlegg: Vi lagar stoff rundt desse tema:

- Ny landslagsdeltakar frå Gol phm
- Landslagsutøvarar trenar på naturisen på Glitre phm
- Byggjesak Glitre. Frå ulovleg byggjesak til "I samsvar med kommunale vedtak" og "Vi er på veg til Hallingmo". phm
- Skøyteskulen Gisle

60-07 EVENTUELT

Skilt "Banen er stengt" Ola Halvard
Skulen har alt teke i bruk Glitre i vinter. Vi treng eit reglement for skule/ barnehage
om bruk av bane/ klubbhus/ utstyr fleire

Neste møte: Før jul. Tema NC-8 (neste ordinære møte 08.01.08)

Per- Helge Myklebust
- referent -